# BOKN BYGDABLAD



Nr 3 - April 2001 - Årg. 16





Vindmøllepark? - s. 5



På leigd gard - s. 6



Garborg - s. 20

Bokn kommune

Kusymre kommuneblom i Bokn





# ORDFØRAREN HAR ORDET

**Ein positiv og servicevennlig kommune**
Me ønsker alle at Bokn skal opplevast som ein positiv og servicevennlig kommune. Nokon har dessverre opplevd å få avslag på søknader om bygging eller andre tiltak i Bokn. Det er ikkje mulig å innfri alle søknader, me har mange hensyn å ivareta. Statlege og fylkeskommunale organ har sitt å seia, og me skal ikkje gjera noko som er til stor sjenanse for naboar eller andre grupper av innbyggarar.
For å setta dette enno meir på dagsorden har Formannskapet vedtatt ein uttale som ber administrasjonen og politikarane om å opptre slik at Bokn blir oppfatta som ein positiv og servicevenlig kommune.
Det er mitt håp og ønske at flest muleg skal få **JA**.

**Overskot**
Rekneskapet for 2000 er nå klart, og det viser eit ikkje disponert overskot på 3,7 mill. Dette er større enn nokon gong og gjer at me kan få utført fleire ting. Årsaken til det store overskotet er i hovedsak høg skatteinngang på utenlandske arbeidarar på Europipe II og eigedomsskatt frå Kårstø.
Ved revidering av budsjettet for 2001 og bruk av overskot er det bl.a. mulighet for ny brannbil, småbåthavn, vatn til Våga, kloakkanlegg i Alvestadkroken, og sikringsarbeid i Hålandsjøen boligfelt. Dette vil Kommunestyret ta stilling til i møte 25/4.

**Ride/aktivitetssenter**
Formannskapet har også vedtatt å engasjera Høgskulen i Stavanger til å laga ein forstudie på muligheten for ride/aktivitetssenter på Bokn. Eg ser med spenning fram til dette arbeidet.

**Bokn Sanitetsforening**
Eg kunne dessverre ikkje delta på årsmøtet til Bokn Sanitetsforening, så eg vil benytta høvet nå til å retta ein stor takk til Sanitetsforeningen for løftestolane som sjukestova fekk. Det er prisverdig at Saniteten stiller opp på denne måten og bidrar til ein betre kvardag for bebuerane og dei ansatte på sjukeheimen.
Eg vil og få takka Sanitetsforeningen for at dei alltid stiller opp på ulike arrangement. Vaflene på torsdagen er svært gode.

**Havnavegen Velforening**
Havnavegen Velforening har engasjert seg for få ein sikker og god plass å bu. I samarbeid med kommunen vil ein nå setta opp eit



gjerde langs E 39, og det vil bli skilta fartsgrense på 30 km gjennom feltet. Håpet er det vil vera med på å redusera risikoen for at nokon blir skada i trafikken.

**Bilist 2000**
Bokn kommune er blitt oppfordra av Kvitsøy kommune til å delta i kampanjen BILIST 2000.
Eg har meldt Bokn kommune inn og vil oppfordre alle til å visa respekt for fartsgrensene og bruka bilbelte. Bokn må ikkje mista nokon i trafikken.

Med desse ord vil eg ønske alle ein riktig god påske enten det blir til fjells, på sjøen eller heima.

*Svein Ove*

# Endeleg er bind 1 i trykken!!




218 SØRA VÅGA

Flyfoto frå det gamle klyngetunet i Søra Våga kring 1954 med utsikt mot nordaust.

talet. På den tida var det Halsnøy Kloster som åtte garden. Og landskylda – som var på 36 spann korn etter reformasjonen – trur me var kring 144 spann i høgmellomalderen. Alt var som på Nora Våga.

**Skatteopprøret i 1519**

I 1349 ramma Svartedauden garden. Pestane førde til at det eine av dei to bruka i lange periodar blei liggjande øyde. Kring 1520 heitte bonden på Søra Våga Torgils. Som naboen i nord var Torgils korkje særleg rik eller særleg modig. I alle fall var han ganske anonym under skatteopprøret i 1518. Men det førde òg til at Torgils slapp klar med ei rimelegare botsskatt enn det mange andre bønder blei råka med.

Åtte mark i pengar var straffa for å ha teke del i opprøret. Det var nokså midt i laget av kva folk flest laut punga ut med. Men han var ein fattig bonde og fiskar, og makta i fyrste omgang ikkje betala denne tunge bota. Bare 1 ½ mark fann futen i reide pengar. Sidan kom futen over kring 30 gram sylv og 37 kilo

448 ALVESTAD

*Familien til Thea og Mandius Alvestad, Alvestad, bruk 3/4/5, huslyd 15 i mai 1911.*

4. Otto, født 1899, Alvestad, bruk 24, huslyd 6
5. Trygve, født 1902, død 1958, Mehus, bruk 1, huslyd 29, bd. 4, Tysvær
6. Monrad, født 1904, Alvestad, bruk 71, huslyd 1
7. Gudmund, født 1909, budde heime med Marthon, død 1979
8. Magnus, født 1911, Alvestad, bruk 63, huslyd 1

16. *Nils Marthon Ole-Mandiusson Alvestad* (1919 - 1973), født 1891, dette br. huslyd 15,1, død 1968.

17. *Alf Alfredsson Alvestad* (1973 - ), født 1935, Alvestad, bruk 34, huslyd 1,3 gift med *Marta Ågesdotter*, født 1939, Vestersjø, huslyd 45d, Hjelmeland

Born:
1. Mari Anne, født 1968, Kopervik
2. Alf Åge, født 1970, Alvestad, bruk 136, huslyd 1
3. Inger Grethe, født 1972, Stavanger
4. Terje, født 1973, Sæbø, bruk 36, huslyd 2

**Bruk 6, 3 11/18 spann kornskyld**

1. *Nikolai Nilsson* (1890 - 1935), født 1863, Alvestad, bruk5, huslyd 14,3, jfr. Alvestad, bruk 24/25, huslyd 1, død 1935.

SERIE NYTT I BOKN!

**Bokn bygdablad presenterer nye ting som skjer i bygda, aktivitetar som har blitt til i løpet av det siste året, eller snart vil koma. Tips oss!**

Jardar Havikbotn

# Barne- og ungdomsarbeidar

**Ho trivst godt blant barn og ungdom, og dei trivst godt med henne. 26 årige Ann Kristin Grønnestad er utdanna barne– og ungdomsarbeidar, og med 75% i Bokn barnehage og 25%ved kulturkontoret har ho verkeleg ei innhaldsrik og utfordrande stilling i kommunen.**

Logoen på denne Bygdabladserien stemmer ikkje heilt i dette tilfelle. Det kunne like gjerne stått "På ny i Bokn". Kommunen har nemleg hatt Fritidsleiarstillingar før, og både Tove Langvik, Linda Ognøy og Olav Rossebø hadde slike engasjement. Stillinga heiter no barne– og ungdomsarbeidar ( på folkemunne "ungdomsarbeidaren" ), og dreier seg primært om arbeid blant tenåringar.

Lesarane av Bygdabladet kan ikkje ha unngått å legga merke til den store organiserte aktiviteten blant tenåringar i Bokn dei siste åra, som i store trekk har vore referert i bladet, og som sjølvsagt også vil bli fulgt godt opp i bladet i framtida. Det unike ungdomsmiljøet som vil bli bygd opp på Kyrkjebygd kultur– og aktivitetshus etterkvart vil Bygdabladet vera med på - ei spennande oppgåve som vil bli prioritert av Ann Kristin framover.

Fleire er i mot at mykje av aktivitetane for denne målgruppa skal vera organiserte. Dette saman med ikkje altfor god kommuneøkonomi har nok vore mykje av grunnen til den lange pausen i ei slik stilling. Ann Kristin er sjølvsagt blant dei som meiner det er behov for vaksenkontakt i eit ungdomsmiljø som er heilt annleis i dag enn for 20 år sidan. Det handlar ikkje om at ungdommen ikkje skal få styra seg sjølv, men at dei treng styring og grensesetting frå eit vaksent samarbeidsmiljø.

Ann Kristin er boknar og dotter av Gunn Grønnestad og Jan Erik Andersen ( biologisk far ). Ho vokste opp med stefar Hjalmar Grønnestad. Etter folkehøgskule gjekk ho Helse & Miljø i Haugesund med påbygning på Barnepleien i Stavanger, før ho var lærling i to år i barne– og ungdomsarbeidarfaget her i Bokn. I knappe to år har ho også vore ungdomsarbeidar i prosjektstillingar i kommunen, og 1. mars byrja Ann Kristin fast som barne– og ungdomsarbeidar. Dottera Sylvia på 2,5 år har hatt mykje å seia for valet hennar om å busetja seg i heimkommunen.

Blant det 26 åringen jobbar med er det nok dei såkalla klubbkveldane som blir mest lagt merke til. Der har ho også med seg lærlingane i barne– og undomsarbeidarfaget. Ann Kristin fungerer som instruktør for desse. Ho er også sentral i utviklinga av ein ny barne– og ungdomsplan i kommunen. Den kommunale fritidsklubben Petra nyter også godt av Ann Kristins ekspertise, og ho har også hatt sekretærfunksjonen i styret.



**Trivst godt blant ungdommane. Her med Petrastyret. Fv. Helen Grønnestad, Kristina Faye ( Ann Kristin ), Camilla H. Birkeland, Lars Martin Hosaas og Jørgen Thuestad.**

Deltaking på Petrakveldar etter behov står også på arbeidsplanen hennar. Ho skriv ungdomsstoff til dette bladet, og skal som nemnt prioritera Kyrkjebygd framover. Ei anna viktig oppgåve er foreldrekontakten og oppfølging av kvar enkelt ungdom, på beste måte!

Ungdomsarbeidarstillinga er redusert frå ei halv stilling, noko Ann Kristin tar til etterretning, men som ho ikkje er begeistra for. Ho sjølv kan ikkje ha større stilling, men ho skulle ynskt at det blei sett av meir tid til dette viktige arbeidet. Saman med underteikna har ho sydd saman ein forsvarleg arbeidsplan, og den perfekte fordelinga vil koma etterkvart. B-mennesket likar seg best ute blant målgruppa. Ho kosar seg på ungdomstreffkveldane, særleg når ho får snakka skikkeleg med tenåringane. Gjensidig respekt er opparbeida for lenge sidan.

Blant hobbyane hennar finn me lesing og kryssordløysing. Ho likar også å laga ting/dekorera. Ann Kristin er glad i å lesa, for det meste krim. Ho kunne godt tenkt seg å samarbeida med biblioteket om bokstunder og bokkaféar.

# Lokal vindmøllepark, ei alternativ energikjelde?

Eivind Eikje og Lars Martin Hosaas

**Me hadde dette som problemstilling på den *avsluttande prosjektoppgåva* (før kalla særoppgåve)som me hadde nå før vinterferien. Me ville finna ut – som det går fram av problemstillinga – om ein vindmølle park var noko me meinte Bokn burde satse på.**

Me begynte prosjektoppgåva me å studere og prøve å finne ut mest mogleg om korleis ei vindmølle fungerer. Me leste også ein del om vindmøllas historie. Når me var ferdig med det, så prøvde me å finna ut om nokon hadde/hadde hatt planar om å bygge vindmøller på Bokn. Det fant me, ***Vindenergi a/s*** hadde konkrete planar, og var intresserte i å fortelle oss om dei. Planane til Vindenergi a/s var å sette opp 8 stk. vindmøller på Austre Bokn-kammen, og 4-6 stk. på Ognøy. Me fann ut kor mykje straum vindmøllene klarte å lage, kor høge dei var, kor mykje lyd dei laga osv. Me spurde folk om kva dei meinte om dette. Me laga og ein bildemanipulasjon med vindmøller på Austre Bokn.



Me fann ut mellom anna dette:

Vindmøllene er:
90m høge. 45m lange rotorblad.6300m2
Med ein vind på 10m/s ville det på ca. 80 tonn luft igjennom per sek.
3000 installerte kW
10-12GWh i året.

**Resultat av spørjeundersøking:**
Dei fleste er for vindkraft generelt.
Dei fleste var i utgangspunktet positive til vindmøllepark på Bokn.
Dei fleste var negative til vindmøllepark på Austre Bokn og Ognøy, dei syntest det blei for stygt.
Grunneigarane var interesserte i å ha vindmøller på eigendommen sin
Dei fleste var positive til gasskraft

**Konklusjon**:
Me synes at ein lokal vindmøllepark er ei alternativ energikjelde, viss møllene blir plassert slik at dei kjem litt vekk frå folk. Ein vindmøllepark på Bokn kan føre til at kommunen blir litt meir kjent utanfor kommunen grenser.Me meiner likevel at det forslaget som Vindenergi a/s har lagt fram ikkje er bra nok. 8stk 90m høge vindmøller på Austre-Bokn-kammen er ikkje akkurat vakkert. Då kan nesten alle bebuarane på Bokn kan sjå dei. Me meiner at man heller burde bygge vindmøllepark på vestsida av Vestre-Bokn. Der er dei ikkje til så mykje sjenanse.

## Nettavis

Helen Grønnestad




10. klasse har i samarbeid med ein 10. klasse på Jørpeland ungdomsskule lagd ei nettavis. Nettavisa innehalde sport, innanriks, utanriks, lokalt, kultur og anmeldelser.

Men alt blei ikkje fryd og "gammen". Samarbeidet med Jørpeland starta ikkje så bra, men tok seg opp etter kvart. Jørpeland hadde nemleg problemer med dataene slik at den første av dei to vekene vi hadde, var det bare vi i 10. klasse som fekk arbeidet med avisa. I tillegg blei redaktøren frå Bokn sjuk, slik at en annen måtte ta over. Men tross dette gjekk det bra. I skrivende stund har det vore 254 besøk i avisa, dette er bra. Det står mykje bra her, så vi håper at enda fleire går inn og tar ein titt. Avisa er og landets første samarbeidsavis. Adressa er **viten.no/bokn**

# På leigd gard og grunn

Reidar Alvestad

### Fokus på primærnæringane

Me held fram besøka våre på gardsbruk, og ser på ulike driftsformer og prioriteringar som dei enkelt bøndene gjer. Tidlegare var det ofte vanleg med ein kombinasjon av jordbruk og oftast fiske. Kombinasjonar med andre yrke er svært vanleg også i dag, men ikkje så ofte med den andre store primærnæringa fiske. I dag er det mange som kombinerar med dei meir vanlege dagarbeidsplassene i industrien i Bokn, men også med mange andre yrke.
Tor Gunnar Lilleskog som me skriv om her, kombinerar gardsdrift med arbeid som røktar i fiskeoppdrett, altså ein kombinasjon av dei to store primærnæringane i Bokn som er jordbruk og fiskeoppdrett.



Tor Gunnar Lilleskog arbeider også i Loden Laks, og då er dette oppdrettet sør i Boknasundet ein av arbeidsplassane hans.

### Fylgja med i faget

Det er med bonden som det er med fiskeoppdrettaren og andre område: for å få mest muleg ut av drifta må han fylgja med på utviklinga av faget. Ein bonde er både driftsleiar, økonomiforvaltar og fagleg leiar. Han har ein større eigedom som skal forvaltast, og bygningar som skal haldast vedlike. Han må difor vera ein person med allsidige kunnskapar. Ein del av arbeidet kan utførast av andre spesialistar, så som rekneskap og skatt. Det kan nok henda at kunnskapskravet innafor det å driva ein gard er undervurdert. Det er kanskje dei som trur det er berre å starta med to tome hender. Men dette har endra seg i jordbruket som i andre næringar. Til meir bonden kan gjera forsvarleg sjølv, til betre vil han kunna greia seg økonomisk. Dersom han er ein person med godt handlag og kunnskapar, vil han kunna gjera mange reparasjonar sjølv. Saman med interesse for arbeidet og motivasjonen ein har ved å driva sitt eige, og gleda av å sjå oppnådd resultat, kan ein sikkert finna sin måte å driva ein gard med gode resultat. Mange meiner likevel at rammevilkåra for jordbruket ikkje er gode nok her i landet.
Mykje kan sikkert også gjerast i forhold til driftsformer og organisering. Det er sikkert ting som kan bli betre når det gjeld å nytta driftsbygningar og redskapar betre enn i dag, og såleis få ei rimelegare drift. I staden for å selja mjølkevotar, kunne det kanskje vore meir rekningssvarande å gå saman med fleire om ei større drift og meir rasjonelt sambruksfjøs, og såleis halda den samla mjølkekvoten innafor kommunen.
Dette er sjølvsagt ikkje nye tankar, men samfunnet er i stadig endring, og ein må vera villig til å sjå utfordringar og nye vinklingar også i jordbruket.

### Til Bokn i 1997

Det var 15. november 1997 at Tor Gunnar Lilleskog saman med ektefellen Marita starta gardsdrifta på Håvard Hetlands gard på Laupland. Dei har leigd garden for 6 år, og driv hovudsakleg med mjølkeproduksjon. Tor Gunnar kjem frå fastlandssida av Karmøy, og har 3 års agronomutdanning frå Tveit jordbruksskule. Også kona har 2 års utdanning frå same skulen, og dei driv garden i lag. Etter vel 3 år på Bokn er dei nå ein familie med to små barn.



Driftsbygninga er godt innreia med mjølkegrav for 5 kyr om gongen. Den kvite kua i forgrunnen mjølkar rundt 40 liter dagleg. Dette er kjempegodt, for ein reknar 35 liter som bra.

### Rasjonell drift

Driftsbygninga er innreia og utstyrt slik at drifta går rasjonelt og godt. Mjølkekvoten tilseier at dei kan ha 18 kyr i mjølkeproduksjon. Då er det greit at det er mjølkegrav for 5 kyr om gongen som kortar ned på den tida mjølkinga elles ville ta. Frå dei små mjølketankane i mjølkegrava går mjølka vidare til ein felles stor tank.
Når det gjeld fôring med kraftfôr, så foregår dette i ein eigen fôringsbås kor det blir registrert kor mykje det enkelte dyret et pr. dag. Ei brikke som heng rundt halsen på dyra identifiserer kven som er i fôringsbåsen til eikvar tid, og resultatet kjem fram på computeren i eit

eige rom. Her kan det lesast av om dei enkelte kyrne dagleg har tatt til seg den fôr-mengda som er bestemt for den enkelte. På den måten kan ein kontrol-



**Ei ku er inne i fôringsbåsen – to ventar på tur. Brikka rundt halsen identifiserar kua – gir beskjed til datamaskinen kven som et, og kor mykje.**




**På denne maskinen har Tor Gunnar oversikta over kor mykje den enkelte kua har forsynt seg av kraftfôret.**

lera om det kan vera noko som ligg til grunn for at bestemte dyr tar for lite næring til seg. Dersom ei ku får for lite mat over tid, kan det kanskje vera på grunn av sjukdom. Fôrkvoten blir bestemt i forhold til mjølkemngd. Det kan bli gitt 14-15 kg til dei beste.

**Birøkt og oppdrett**

I dag er det 12 kyr i mjølkeproduksjon. 4 andre skal kalva før dei kjem i produksjon. I dag har i tillegg 15–20 ungdyr. Neste år vil dei kunna ha fleire ungdyr i og med at det er inngått ein avtale om leige av jord på Alvestad. I tillegg til dette driv Tor Gunnar med bier saman med faren. Han meiner at fleire kunne drive med birøkt, i og med at det er underdekning av norskprodusert honning. Til saman har dei over 90 bikuber som står her på Bokn, i Nedstrand og på fastlandssida i Karmøy kommune. Han seier det er inntekter å henta innafor birøkt, og at fleire kunne hatt det som tilleggsnæring.
Tor Gunnar Lilleskog arbeidar også som røktar i Loden Laks. Han held nå på og kursar seg innafor akvakultur med sikte på fagbrev også i denne primærnæringa. Det blir travelt med såpass intensiv gardsdrift pluss røktararbeid i lakseoppdrett, men Tor Gunnar har alltid ar-



**Birøkt gir god tilleggsinntekt. Her står kubene på garden.**

beidd mykje, og brukar ein relativt stor ressurs til avløysing på garden. Det må han for å kompensera litt for at han har full jobb på lakseoppdrettet. Fritid blir det mindre av, men han passar på å setja av nok tid tiil fotballtreninga og kampane på Bokn sitt vaksenlag.



**Driftsbygningen er relativt ny med godt og moderne utstyr.**

**Lønsemd - eit diskutabelt tema**

Tor Gunnar og Marita lever greit av dei inntektene dei har. Det innbefattar inntekter av garden minus leige, utbetaling av betydeleg større avløysingsressurs enn det er refusjon for, men med tillegg av løn som røktar i lakseoppdrett.
I starten av leigeforholdet var det store investeringar i dyr. Når dette er nedbetalt, kan ein meir begynna å snakka om overskot.

**Framtida**

Familien på Laupland har ikkje heilt bestemt seg for korleis det blir i framtida. I jordbruket som i andre næringar, er det litt uvisst om korleis det vil bli framover med rammevilkår og lønsemd.

Sjølv har dei vore litt uheldige med sjukdom på eit par kyr i samband med kalving denne vinteren, og litt sjukdom på kalv, inntil dei fann ut kva som var rett medisin. men elles har drifta gått greit. Tøft høyrest det ut med to jobbar, men med rikeleg avløysing på garden og rasjonell og moderne drift har det fungert bra.



Mjølkeproduksjon er hovudinntektskjelda på garden. Her står Tor Gunnar Lilleskog ved sida av mjølketanken .



**Arbeidet med dei fire ungdomsbustadene på Øyrenfeltet på Austre Bokn går etter planen. Det er nå sett i vinduer og ytterkledning. Bustadene skal vera innflyttingsklare i august.**

Reidar Alvestad

## Forårsunder

*Man taler om*
*naturens spill,*
*men går det mon*
*naturlig til?*
*At muldjord blir til*
*gule krokus*
*det er det rene*
*hokus pokus.*

*Piet Hein*



## Vårvers



*Blåveis og hvitveis og snekløkker åpner*
*de blanke små øynene og smiler og ler,*
*myser mot solen og morgenrøden,*
*og tror ikke alt det rare de ser.*
*Og seljen den står der med grenene fulle*
*av lysegrå rakler med silkehår.*
*De ligner små lubne kattepuser*
*som soler seg i den deilige vår.*

*Gabriel Scott*



# Eksperimentell ordkunstnar

Jardar Havikbotn



**Observante lesarar har nok lagt merke til at namnet Kjetil Hamre har stått for lyrikken i Bygdabladet til no i år. Her får du veta bakgrunnen for diktinga hans.**

## *En knopp springer ut*

*Våren er kommet. Ute skinner sola, men skyer seiler over himmelen og kaster skygger på bakken. Skyggenes mørke setter spor i et sinn.*

*Inne, under et høyt tak, står en kiste. Den er hvit, hvit som snøen. Men snøen er borte, med vinterens kulde. Smeltet og klukkende, søkende har den funnet veien til havet.*

*Det er stille. Det virker som all lyd blir borte under et tak som strekker seg mot evigheten selv. En enslig rød rose legges med varlig barnehånd på kistens lokk.*

*Klokker kimer med en hul klang, en klang som blir sittende igjen i sørgende menneskesinn.*

*Tankene vandrer. Du sa det med blomster ikke med ord. Blomster som ble delt ut, i kjærlighet til andre. Blomstene talte sit eget språk, sa ord du ikke klarte å si selv.*

*Hvorfor?, tenker jeg, hvorfor?. En sjel som ikke ville blomstre, som ikke så solen men skyggene, et mørke som til slutt ble for stort.*

*En grav er dekket av blomster. De danner ett menneskes kropp. Armer og ben og et rosehjerte. En sjel som endelig kan blomstre.*

*Det er vår. Ute skinner sola, men skyer seiler over himmelen og kaster skygger på bakken. Skyggenes mørke setter spor i et sinn.*

Kjetils første dikt og starten på det heile. Skrive på 15 min. ei natt i 1994, som ein del av sorgarbeidet etter brorens død.

**- Eg håbe eg aldri blir ferige med diktå mine. Å stadigt forbedra setningsoppbygning og form e ein modningsprosess.**

**Kjetil har fått hyggelege tilbakemeldingar frå to forlag, men ingen av dei er typisk diktorienterte. No vil han prøva det store selskapet Cappelen, som også tar seg av dikting.**

Felles for ordkunstnarar er at dei alltid har lese mykje og er glade i litteratur. Kjetil er ikkje noko unntak, men det er kanskje litt spesielt at han i første rekke er inspirert av folk som skriv songtekstar. Han nemner raskt Bob Dylan, Roger Waters frå *Pink Floyd, Gunnar* Roaldkvam, Svein Tang Wa og Tor Salomonsen. Dei siste namna får meg med ein gong til å tenka på legendariske *Stavangeren-semblet* og den Stavangerbølga dei starta, då det m.a. blei svært populært å synga på dialekt. Eit døme på denne inspirasjonen er Kjetils dikt *Med åpent sinn*.

**Kjetil er blant dei uheldige som ikkje får stilt diagnose, og som går og ventar på å få veta kva som feiler han. I halvanna år har han slitt med kneplager, og er no inne i ein rehabiliteringsperiode, etter å ha vore sjukemeldt eit år frå jobben som avdelingsleiar i barnehagen. No har han jobba tre mnd. i Servicetorget, og i skrivande stund er det ikkje klart kva som skjer vidare.**

**I desember 1998 blei Kjetil i Bygdabladet ( s. 24 ) presentert som populær *barnehageonkel med langt hår og heilskjegg*. Der stod m.a. at han var omskolert frå å vera kokk. Må han no omskolerast ein gong til?**

# *Med åpent sinn*

*Tankane mine fyge ront i ring*
*der forstår de alt og der forstår de ingenting*
*Det så e svart kan snart bli kvitt*
*ka så e sant det e det ikkje gitt*
*Å få rede på*

*Å gå med briller farga i grått*
*hjelpe ikkje å forstå eller å bli forstått*
*For sannheten e ikkje kvit eller svart*
*det forstår du seinare enn snart*
*Når det e någe du vil ha rede på*

*Ett eple kann ver rødt men og ver grønt*
*forstår du dette har du samtidig sjønt*
*At sannhet kann ver utydelig eller klar*
*spørsmålet er bare kem så har svar*
*På det du ville ha rede på*

*la tankane svirra frie og klare*
*men ikkje la de bli blinda av svare*
*av klarhet du ikkje har lagt sjøl*
*for då blir de fort bare søl*
*i det rede du har lagt tankane i*

*Ikkje la deg styra la tankane ver fri*
*for bare då kan truå di bli*
*din og ingen andres*
*og verden kan forandras*
*te det rede du vil leva i*



**"Onkel-Kjetil": frå nov. 1998.**

- Eg kan o' ver et rotehåve, rett og slett for lade.....

Kjetil, eit typisk B-menneske

**32-åringen frå Sola likar å leika, både med barn og ord. Han likar å eksperimentera, og dikta hans blir tilfeldig laga, ofte midt på natta, då det er stille, mørkt og roleg. Ofte er tankane lettare å assosiera då. Han vil formidla eit inntrykk, ein stemning på ein var måte. Kjetil likar når lesarane får rom for å assosiera sjølve.**

**Diktaren, som hadde svært kreative og innhaldsrike stilar på skulen, likar estetisk vakre, personlege dikt med sterkemeiningar, og er blant dei som meiner det er på tide at Dylan eller Waters får Nobels litteraturpris.**

**Blir det ny omskolering på han, kan reklamebransjen vera aktuelt, der han får bruka kreativiteten med ord, tekst og bilder på ein gong. Positive og hyggelege tilbakemeldingar på dikta si, både frå forlag og privatpersonar, gjer at han vil prøva nye ting med ordkunsten.**

Dette diktet er saman med eit anna frå samlinga hans tonesatt av Kjetil sjølv, i reine *Stavangerbølgestil*. Han meistrar også gitarspel, og likar å kopla av med litt akkordklimpring og song. Songen er urframført i Servicetorget ( etter stengetid ) med gitar, song og underteikna på det gamle kyrkjeorgelet.

No held Kjetil på med eit kommunikasjonsskodespel for barn og vaksne, basert på "Dei tre små griser".

Forutan musikklitteraturen så er Kjetil inspirert av naturen. Han er svært glad i naturen, særleg i dei små detaljene.

Her er eit dikt som handlar om det å ta del i dei små miraklene som fortsatt finst i verda, i naturen:

## *0-punktet*

*Høstnatten kan være magisk selv om den er grå*
*En sandstrand skumsprøyt fra en storm bris som*
*stryker sitt siste pust over*
*ditt kinn*
*Solen går ned skjult bak skyer og tar stjernene med*
*Men morilden lyser glitrer og funkler*
*i dine fotspor der du tråkker i den våte sanden*
*Jord og kosmos har forlatt sine leier*
*Du vandrer blandt stjerner og skuer opp på havets*
*bølgetopper som vil falle*
*ned*
*Regnet vil komme men ikke nå for*
*høstnatten kan være magisk selv om den er grå*

*Kosmos før opprinnelsen.*
*Kaos og rot.*

*Tankene kolliderer, hvem er*
*jeg, hva gjør jeg, hva vil jeg?*
*som en bombe klar til å eks-*
*plodere, fornuft, hva er det?*

*Lunten gnistrer og danner*
*kometens hale, der tankene*
*flyr, fritt men også i*
*bur.*
*Vil de oppnå en sannhet*
*som finnes?*
*vil jeg noengang oppleve*
*fred.......*

*Med meg selv???*

**To døme på den leikande og eksperimentelle diktaren.**

## *En casanovas tankegang*

*Kjærligheten er når*
*subjekt møter objekt*
*objektene er mange*
*subjektet er ett*

*Kan da subjektet*
*knyttes til objektet*
*og være HELT sikker på*
*at valget er rett*

*Jeg leter og leter*
*elsker dem alle*
*beskrivende skjønnheter*
*overalt der jeg ser*

*Valget er enkelt*
*jeg kan ikke velge*
*jeg kan ikke endre*
*det subjektet jeg er*

# ÅRSMELDING FOR BOKN SOKNERÅD 2000

Soknerådet har hatt denne samansettinga i år 2000:

Formann: Solveig Våga
Nestformann: Sigurd Johnny Svendsen
Styremedlem: Eva Moi
Styremedlem: Merete Alvestad
Styremedlem: Ingunn Are
Styremedlem: Liv Vatnaland
Geistleg repr.: Arne Aurdal
Komm. repr.: Arne Hosaas

1. varamenn: Sigmund Alvestad
2. varamann: Ingunn Våge
3. varamenn: Birger Lindanger
4. varamann: Bernhard Våge

Sekretær: Svanhild Alvestad.

Tilsette:
Kyrkjeverje Svanhild Alvestad 50%(40%)
Kyrkjetenar Odd Grønnestad 25%
Organist Karina Lervik 20%
Klokkar Svanhild Alvestad 25%(10%)
År 2000 i kyrkja var eit jubileumsår. Hos oss vart jubileet markert ved prostigudsteneste på Jelsa 1.6.00.
I Bokn soknerådet har året vore eit vanleg arbeidsår. Rådet har hatt 11 møter og handsama 33 soknerådssaker og 5 fellesrådssaker. Dessutan har rådet hat eit møte saman med formannskapet.

Aktiviteten.
Gudstenestene i kyrkja og møta på bedehuset er framleis det bærande i den kristne aktiviteten i bygda. Dette saman med arbeidet i sundagsskule, barnekoret og speidararbeidet gjer at det tross alt er eit ganske variert kristent arbeid hos oss. Gledeleg er det at det i året som er gått er starta to nye aktivitetar.

For det fyrste er det *Mat & Prat* som starta i april. Tiltaket er meint som eit heilt uformell samling der ein kort og godt samlast for å prata om alt mellom himmel og jord, og har ein kopp kaffi saman. Det er ikkje så mange som nyttar seg av tilbodet, men forma passar bra for dei som kjem, og ein ynskjer å fortsette.

Den nyaste aktiviteten som er starta opp er *Alphakurs*. Dette starta hausten 2000 og her er det kome svært positive tilbakemeldingar. Håpet er at dette kan fortsetje og at det kan kome i gang ennå fleire av desse gruppene.
*Sundagsskulen* held nå til på Bedehuset. Oppmøtet varierer ein del, og det er 15 - 20 medlemmer.
I *speidartroppen* er det 58 medlemmer frå 8 - 22 år. Utanom dette kjem ein del vaksne leiarar og medlemmer, totalt 76 pr. 31.12.00.
Medlemstalet i *barnekoret* har variert noko. Dei største slutta og ein merka vel litt av "dominoeffekten". Likevel var det rundt 10 songglade born som starta hausten 2000. Vi skyldar ein stor takk til dei som på frivillig basis tek på seg dette arbeidet.

Elles har soknerådet stått for:

- utdeling av Bibel til 5. klasse 20.2.00 med etterfylgjande årsmøte
- konfirmantfest 16.4.00
- kyrkjekaffi i kyrkja etter gudstenesta 26.9.99
- utdeling av barnebibel til 4-åringane 14.11.99

Utvala.
Begge utvala har og dette året gjort ein flott jobb. *Diakoniutvalet* har ansvaret for besøk på sjukeheimen, og dette er eit tiltak som vert sett pris på . Oppmøtet er så bra som ein kan forventa. Utdeling av blom til alle over 80 år rundt påsketider har og funne stad dette året. Som tidlegare nemnt er nyaste tilskuddet Mat & Prat. *Dåpsopplæringsutvalet* held trufast i gang dei tiltaka som står i dåpsopplærings - planen. Utdeling av dåpshelsingar går sin gang, og likeeins samlingane av foreldra til eitt og tre åringane. Oppmøtet varierer noko, men det verkar som om tiltaka vert sett pris på.
Dåpsopplæringsutvalet er trufaste til å møte på annakvar korøving til barnekoret. Då serverer dei saft og eit eller anna til å bite i, og samlar borna for å lese for dei. Dette året vart det gjort vedtak om at ein vil starte med 6-års skule. Invitasjon vart delt ut til alle 6-åringar før jul, og samtidig fekk kvar av dei ei CD-plate som heiter JUL 2000.

Kurs/konferansar.
Budsjettet gir ikkje rom for dei store utskeiingane når det gjeld kurs. Det kjem mange tilbod som kan verka freistande, men ofte er det dyre kurs og ikkje minst dyre reiser. Likevel er det uhyre viktig for oss "små" å treffe andre i same situasjon og knyte kontaktar. Kyrkjeverja har vore på arbeidsgiverkonferanse i Stavanger i februar og medarbeidardagar på Solborg i juni. Dessutan har ho vore med på diverse møter saman med andre kyrkjeverjer i fylket, spesielt på Haugalandet.
Soknerådet var representert på eit møte i Tysværvåg der det var orientering om diakonstilling. Elles var og dei fleste frå soknerådet på inspirasjonssamling i Skjold i oktober saman med biskop og folk frå bispedømmerådet.

Årsstatistikken.
Den statistikken som ein her viser til er den offisielle for Den norske kyrkja. Skjemaet har vorte endra så det er eit lite godt samanlikningsgrunnlag. Statistikken viser at det i 2000 har vore 31 gudstenester. Av desse er 11 familiegudstenester og 2 skulegudstenester. Reknar ein gjennomsnittsframmøte på alle desse gudstenesten blir det 111. Dette er eit langt høgare tal enn det ein ser i kyrkja ein vanleg sundag, og det som er med å dra talet oppover er både skulegudstenestene og dei 11 familiegudstenestene. Det viser seg at om det er "noko ekstra" som skjer i gudstenesta så kjem folk. Dette må ein prøve å dra lærdom av og kanskje tenkje nytt når det gjeld gudstenestene. Elles var det berre 3 konfirmantar. Desse hadde under-visninga si saman med Tysværvåg-konfirmantane. Det har vore 11 dåp, 6 ekteskapsinngåing og 11 gravferder.
Innsamla offer i kyrkja er 62 964,- + «Brød for verda» 12 963,-, til saman kr 75 927,-.

Dei tilsette
I år 2000 var det skifte av organist. Jon Bendik Helland takka for seg i slutten av juni, og 1.7 starta Karina Lervik i stillinga. Det er på ingen måte lett å få tak i kvalifiserte søkjarar til ein 20% stilling som organist. Me har vore utruleg heldige og fått ein dyktig organist som er med å gjera gudstenesta til ei rik oppleving.

Kyrkjeverja starta hausten 2000 på ein 2-årig utdanning ved Høgskolen i Stavanger (Kirkelig ledelse og administrasjon). I samband med dette er kyrkjeverjestillinga utvida til 50% og klokkarstillinga til 25%. Dette endrar i praksis ikkje noko særleg på bemanninga på kontoret.

Avslutning.
Heilt til slutt vil soknerådet retta ein stor takk til dei frivillige som tek på seg arbeid med å stå for dei einskilde arrangementa, enten det nå gjeld barne/ungdomsarbeidet eller arbeidet blant vaksne. Takk for trufast teneste og godt samarbeid

**Oppmodig**
Soknerådet oppmodar Boknarane til å kome med tilbakemelding til soknerådsmedlemmene om kva dei synes om det arbeidet som er i gong. Kan hende det set nokon som har idéar om ting som kunne gjerast annleis eller nye ting som kunne startast. Tilbakemelding gjer at arbeidet ein driv føles lettare, og ein føler og at dette er noko ein gjer saman for heile bygda.

# Presten 50 år!

**Visste du at presten vår, Arne Aurdal er blitt 50 år?**
**Joda, 28. mars var dagen, og den vart behørlig feira. Ope hus frå kl 12.00 om dagen, og kva tid det stengde er det ingen boknarar som veit. Det var enkelte boknarar, og blant alle dei langt over hundre som fann vegen til prestegaden og ville gratulere. Talane var mange, og latteren sat laust. Mange til dels ukjente sider ved presten vår vart avsløra, og han vart hylla både i ord og tonar. Ein fellesnemnar for det som vart sagt kan vel vera ein stor TAKK for det han er og for det han gir oss, både som prest og som medmenneske.**

**Bokn Bygdablad saman med alle sine abonnentar kan nok og vere samd i dette, og ynskjer med dette å vera med blant gratulantane – om enn litt på etterskudd!**



# Gamle påsketradisjoner i Norge

**Menn mente at Kristi kors var skåret på skjærtorsdag, så denne dagen skulle ingen bruke øks eller kniv. Kvinnene skulle ikke strikke, for pinnene minnet om lansene Jesus ble stukket med og tornekronen han måtte bære.**

**I katolsk tid skulle det være helgedagsfred langfredag. Men etter gammel norsk tradisjon skulle alle slite og sørge. Man tok derfor på seg det tyngst mulige arbeid. Enkelte la småstein i skoene for å minnes Jesu lidelser. Barna skulle være stille og fikk ikke leke. Alle skulle gå i slitte, gamle klær denne dagen.**

**I gamle dager trodde man at heksene dro til Bloksberg, bl.a. på skjærtorsdag. Da var det ekstra viktig at sopelima sto ute, ellers tok heksa en hest, ku eller geit i stedet.**






# KLUBBKVELD!!!

31. mars var det endelig en ny klubbkveld. Det hadde vi ikke hatt siden begynnelsen av desember, så ungdommene var ivrige! Spente var de nok også, 7 klassen som endelig nå får lov til å gå. Det var morsomt å se så mange av dem på klubbkvelden.

Denne gangen bestemte jeg meg for at vi skulle "kule'n" litt, være på skolen og heller finne på noe morsomt der. Så det passet meg helt ypperlig at jeg plutselig fikk telefon fra Bokn Swingklubb og spørsmål om vi var interesserte i linedance. Det er jo skikkelig "in" med linedance for tiden, og jeg var selv med på det kurset som swingklubben nettopp arrangerte. Der koste jeg meg skikkelig, og tro meg; jeg er ingen danseløve! Så dette er noe de aller fleste kan være med på. Det er ikke god nok unnskyld-ning å ha to venstrebein, engang!

Linedance er det det høres ut som; man står på linje og utfører like dansetrinn ( i hvertfall sånn noenlunde ).

Stilig å være med på, og kjempestilig å se på! Men det er fort gjort å ta et skritt i feil retning, og dermed kræsje rett inn i "nabo'en". Derfor er det så greit å vite at alle gjør feil. Alle kommer plutselig ut av det, eller snubler litt i sine egne føtter. Noen snubler til og med litt i andres føtter, og det er jo kanskje litt mer flaut, da.

Tor Erik Hestenes het instruktøren som kom for å lære oss litt av linedance-kunsten. Og at han hadde "rockefoten" inne, er i hvertfall helt sikkert! Jeg ble på et tidspunkt hentet fra kjøkkenet fordi jeg måtte komme og se på Tor Erik. Javel, tenkte jeg. Som om ikke jeg har sett folk danse før! Men da jeg komm inn i gymsalen og fikk se . . . Føttene hans var akkurat som trommestikker,
Vi vil i hvertfall bukke og takke Bokn Swingklubb for at de spanderte linedance-instruktør på oss, det var kjemeflott!!



# Petra fritidsklubb informerer



På Petra er det stille og rolig for tiden. *For* stille og rolig! De to siste gangene har Petra-styret bestemt seg for å stenge på grunn av at det er så lite folk. Irriterende for meg som kommer opp dit og skal jobbe bare et par timer, irriterende for dem som kommer opp til stengt dør og kanskje har fikset seg foran speilet hjemme i timesvis, og det er stikk i strid med vår tidligere politikk om at vi holder oppe til siste slutt, uansett.

En av grunnene til at det er blitt stengt, er at de som er med i styret, har andre steder de helst vil være. Det har alle sammen full forståelse for. Men så er det jo slik at minst tre av styremedlemmene *må* være tilstede på klubben, hvis ikke blir det stengt. Da går det jo an å avtale litt på forhånd, at den og den fredagen passer det dårlig for noen å være på Petra, andre ganger er det noen andre.

For det som er skummelt med å begynne å stenge klubben fordi det er lite folk, er at da gidder ikke folk å gå til slutt. Det er på en måte å grave sin egen grav, altså. Så det må det bli en slutt på.
Det har blitt foretatt en utskiftning i styret, Jørgen Thuestad har tatt over for Lars Øyvind Alvestad. Vi takker "Lars'en" for samarbeidet, og ønsker Jørgen hjertelig velkommen!

For noen helger siden, leide vi igjen ut lokalene våre. Denne gangen var det en 30-årsdag som skulle feires. Vi vil minne alle dere på at det altså går an å leie Petra til slike ting også. Er det av interesse, så er det bare til å ta kontakt med meg, så kan dere få tilsendt mer informasjon.

Ellers er det stille og rolig på Petra, så til slutt skal jeg ta med en hilsen jeg har lovet ungdommene å ta med:" Tuuusen takk te politikarane som har gitt oss ein faste ongdåmsarbeidår!"

# Ved Kvednabekken

Reidar Alvestad



**Biletet høyrer til i den store samlinga som kommunen har registrert. Det er innlevert av Brit Holberg, og kjem opprinneleg frå Lava og Lotte Hansen i Alvestadkroken. Me trur det er frå 1928, og at personane på biletet er fylgjande: Frå v.: Henry Alvestad, Kristian Kvia, Osmund Øvrebø, Johannes Øvrebø, Osmund Alvestad (med kvitt skjegg), Hans Emil Hagen (på fanget til mora som heiter Nanna Hagen. Jenta som ligg heilt til høgre er Olga Alvestad, seinare gift Nordbø. Henry og Olga Alvestad var Bertine Alvestad sine barn, Kristian Kvia var yngste bror til Nanna Hagen, medan Osmund og Johannes Øvrebø hadde Ånen og Borgine Øvrebø som foreldre. Osmund Alvestad var Borgines far. Nanna Hagen var i familie med Osmund Alvesttads ektefelle Talette Alvestad,. Familien Hagen budde i feriar i 2. etasje hos Bertine Alvestad. Biletet er sannsynlegvis tatt av Nanna Hagens mann, Olav Hagen. Staden var ein vaskeplass – sjå bøtta og stampane i og ved bekken.**

## Bilete av kvernhus langs Kvednabekken

Me har lenge vore på leit etter eit bilete av eit eller fleire av dei mange kvernhusa som sto langs denne bekken, utan resultat. Eit hendeleg tilfelle ville at kvernhuset blei oppdaga på dette biletet. Biletet er frå Edvin Øvrebø sin eigedom, og det er hans morfar som heiter Osmund Alvestad. Kvernhuset me ser på biletet, står berre rundt 50 meter ovafor det nye kvernhuset som vart bygd til millenniumsjubileet i fjor. Me har tatt eit nytt bilete frå same området, og her kan taket på det nye kvernhuset skimtast bak steingarden i den retninga bekken har nedover. Edvin Øvrebø står t.h. Me ser at dei same steinane ligg i venstre kant av biletet som på det gamle, men vinkelen er annleis, og gras og mose har vakse opp rundt den store steinen heilt i venstre kant.



73 år seinare

### Etterlysing av kvernhusbilete

Kulturkonteret er framleis interessert i å få avfotografera eit bilete kor det er avbilda eit eller fleire kvernhus ved Kvednabekken. Dette er det einaste me har. Dersom du skulle finna noko i samlinga di, så ta i så kontakt med kulturkoret. Det skal ha vore 13 kvernhus langs denne bekken.

# KULTURKALENDEREN

- forandringar/nye arrangement er **utheva** -

**APRIL**
12.: Gudsteneste kl. 11.00
15.: Gudsteneste kl. 19.00
16.: Gymkana, eggkoking, grilling, rideknappen - arr. BORK
18.: "Mat & Prat" i Allrommet kl. 14.00 - 16.00
19.: Soknerådsmøte på bedehuset kl. 19.00
20.-
**21.. "Bokn Open" - nattcup, volleyball - sjå s.**
22.: Bokn søndagsskule, bedehuset kl. 10.30
22.: Natursti kl. 13.00, start ved kyrkja - arr. Bokn hagelag
22.: Blå kors/ABR-senteret kl. 19.30 - Bokn bedehus
23.: Bokn barnaklubb, Hognaland bedehus kl. 10.00 - 12.00
